

DAGBOK JOTUNFJELL

LEIRSKULE

Måndag 9.september

Eg sto opp tidlig, eg grua meg litt for i dag skulle eg og de andre i klassen min på leirskule i Jotun heimen.

Jotunheimen låg i oppland fylke og store delar av da låg i Lom kommune. Eg var ferdig å pakke. Eg åt ein kjeve, og så kørde mamma meg opp til skulen. Der møtte eg de andre i klassen min satt baggen i bussen og sa farvel til mamma (pappa, Sigurd og Haldor hadde eg sagt farvel til før). Eg satt meg i da nest fremste sete vinka ut av vindauget. Så kørde bussen vi hadde fyrst ein liten pause i Jølster kommune slik at alle kunne gå på do. Så kørde vi vidare neste pause var i Sogndal denne pausen var lengre enn den fyrste slik at folk kunne ete niste sin. I bussen hørde mange på musikk men eg hadde gløymd øyretelefonar, så eg såg på Naturen på Sogn fjellet. Når vi var framme blei vi tatt i mot av Jostein og Bjørg. Dei sa kor henne vi skulle sove. Så gjekk vi inn på rommet vårt der satt vi på senge og dyne trekk. Etter da hadde vi ein del fritid til å bli kjent med dei andre elevane på volla og Ellingsrudåsen (Vi blei ikkje så godt kjent). Etter da så gjekk vi inn i Matsalen der åt vi pølse og potetstapp til

Middag, og fersken til dessert. vi satt på bord med: Kristine, Awa, Kjetil, Ivar, Oda og Rebekka. Etter middag hadde vi litt til fritid før vi drog på ein liten tur i nærområde. På turen snakka Jostein litt om Jotunheimen og kva som skulle skje seinare i veka. Om kvelden pussa vi tenna og la oss (Kristian heldt oss våken til langt på natt).

Tysdag 10.september

Morgonen etter vekka Solveig oss klokka 07:30 Eg var veldig trøytt. Etter da stelte vi oss og gjekk opp til frukost. Der smøra eg meg niste og åt ein skive. Når vi skulle dra tok eg med meg termosene som eg hadde lugge der dagen før (den var fylt med kald gul saft). Då vi kom ned til rommet vårt rydda vi og redde opp sengene. Når vi hadde gjort da kledde vi oss etter været og gjekk ut. Der venta det to bussar på oss. Den eine skulle Volla og Dingemoen vera i. I den reise ein tur til Dummedalen der det var mange grotter og fint natur område. Vi vart delt opp i to grupper etter kva slags buss vi var på. Den gruppa eg var på fyrst var med ein mann som heitte Knut Erik han hadde same jobb om Jostein og Bjørg. Han guida oss på ein liten tur i område der med mange pausar og mykje snakking om grotter fuglar osv. Når vi var ferdig med det skulle vi gå i grotte.

Onsdag 11.september

Eg åt Frukost og lagde ekstra stor niste. Vi skulle gå på Galdhøpiggen. Galdhøpiggen er Norges største fjell. Vi



køyrde buss 10 min til Juvasshytta. Der stilte vi oss opp ute og fikk seler. I starten var det hardt og mykje stein og grus og litt Vi gjekk i seler over isbreen og det var mange sprekker i isen og langt ned guten foran meg drog i tauet heile tida det var plagsomt. Vi hadde mange pauser på vei

opp Den femte pausen vart på toppen.




På toppen av Galdhøpiggen

Der tok vi bileter. Ned igjen Hadde vi nokon få pausar. Eg Gaute og Tony måtte voldsomt på do men det det var ingen do i nærleiken og vi hadde nesten ingen pausar men til slutt fekk vi ein pause då gjekk vi på do. Når vi kom ned åt vi middag så hadde vi litt fritid. Den kvelden

hadde ellingsrudåsen program det var ganske morosamt de hadde morosame innslag og quiz. Etter da var det diskotek så la vi oss.

Torsdag 12. september

Vi gjekk nokre km ut i skogen i nærleiken av leirskulen i dag tok vi ikkje buss. Vi tente bål og grilla skiver med leirskulepizzaholdar eg miste skiva to gongar men eg hadde heldigvis med meg 4 ekstra skiver Jostein snakka mykje om naturen og kva slags dyr som budde der. Når vi hadde kome heilt fram skulle vi rappellere. Det var to vanskelegheits grader det var ein vanskeleg vegg å rappellere ned og ein enkel vegg.



Rappeleringsveggen

Magasuget var vanskelegast, den andre hadde ikkje namn. Det var veldig gøy. Når vi skulle tilbake tok vi ein snarvei til leirskulen når vi kom fram dusja vi og gjekk til

middag. Etter middagen hadde leiarane program og leikar. Det var ein leik då ein frå kvar skule skulle hente ting som leiaren las opp frå ei liste. Sigmund tok av seg buksa for at vi skulle få poeng og alle saman lo. Etter det tok Sigmund av seg t-skjorta og alle lo, enda meir vi vant ikkje konkurransen, men vi kom ikkje på siste plass. Når leikane var over fekk vi kringlar dei var ganske gode. Og så var det disko til halv elleve. Hvor mange som var blitt kjent sa farvel til kvarandre. Når diskoen var ferdig rydda vi og pakka sånn at det vart klart til neste dag. Eg synest det hadde vore fantastisk vær heile turen

Fredag13.september

Når vi reiste heim skulle Solveig og Hilde nedom Lom for å kjøpe brød til å ta med heim. Så køyrde vi vidare til Stryn der handla vi litt godteri. Og Solveig og Hilde handla på Moods of Norway

og så reiste vi vidare til Dale vi ble tatt i mot av glade foreldre. Det var litt kjekt å komme heim bortsett fra regnet. SLUTT